# Studieplan for BACHELORSTUDIET I NYSKAPING OG SAMFUNNSUTVIKLING ved Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling (HLB)

## Innleiing/grunngjeving

I *Bachelorstudiet i nyskaping og samfunnsutvikling* skal studentane læra å sjå med nye auge på ressursane dei har rundt seg; dei menneskelege, dei naturbaserte, dei kulturelle, dei sosiale og økonomiske. Dei skal læra å ta i bruk ressursane på nye måtar og slik verta aktive utviklarar og pådrivarar i forhold til eigen livssituasjon og eige miljø. Bachelorstudiet vil gi grunnleggjande kunnskap om utviklingsarbeid og sosial, kulturell og økonomisk verdiskaping.

Høgskulen har *Kunnskap for utvikling* som sin hovudvisjon. I tråd med denne visjonen skal studiet synleggjera og gje grunnleggjande kunnskap om det handlingsrom me har som menneske til å påverka framtida i positiv retning. Studiet skal stimulera til skaparglede, kreativitet og entreprenørskap, og legg difor også opp til aktivt samarbeid med forvalting, nærings- og organisasjonsliv (jfr. departementa sin handlingsplan for integrering av entreprenørskap i høgare utdanning).

## Graden

Studieprogrammet har eit omfang på 180 studiepoeng og fører fram til grada Bachelor i Nyskaping og samfunnsutvikling.

## Opptakskrav

Generell studiekompetanse eller realkompetanse.

# Oppbygging av Bachelorstudiet i nyskaping og samfunnsutvikling

| Grada er bygt opp av studia: | Studiepoeng |
|---|---|
| **Studieår 1: Samfunn og utviklingsarbeid; grunnleggjande utviklingstenking, metodekunnskap, innføring i utviklingsarbeid** | **60** |
| **Studieår 3 obligatorisk: Nyskaping og utviklingsarbeid; kreativitet, ressursutvikling, produktframtaking, sjølvvalt bacheloroppgåve** | **60** |
| Studentane kan 2 studieår velja mellom: | |
| **Økonomi og leiing modul I** | **30** |
| **Økonomi og leiing modul II** | **30** |
| **Hest i Næring** | **30** |
| **Landskap og utvikling** | **30** |
| **Driftsleiing** | **30** |

## Litt om dei ulike faga[1]

**Samfunn og utviklingsarbeid** dreier seg om å få fram eigne sterke sider og å kunna nytta desse i utviklingsarbeid. Studiet gjev og ei grunnleggjande innføring i utviklingsarbeid. Ein brukar teoriar frå psykologi, pedagogikk, sosiologi og filosofi saman med praktiske øvingar og oppgåver. Sentralt i studiet er kompetanse innan kommunikasjon, samspel og samarbeid. Det vert undervist i metodekunnskap og gitt grunnopplæring i litteratursøk og kjeldebruk. Prosjektarbeid med fokus både på prosess og produkt er ein vesentleg del av studiet.

**Nyskaping og utviklingsarbeid** er vidareføring av tema utvikling, no med vekt på ressursidentifikasjon/utvikling, kreativitet, entreprenørskap og det å endra samfunn nedanfrå. Ein vil i studiet gi kunnskap og stimulans til både det kreative og det praktiske. Ein vil ha fokus på både nyskaping og fornying av eksisterande verksemder. Både sosiale, kulturelle og økonomiske
verdiskapingsprosessar vert fokuserte. Samtidig vil det vera eit spesielt fokus på natur- og

[1] Kvart av kursa som inngår i bachelorgraden har sine eigne studieplanar. Desse kan lastast ned frå HLB si heimeside (www.hlb.no).

kulturbaserte ressursar. Bacheloroppgåva er lagt til siste semester, og der vil studentane arbeida med eigne prosjekt, åleine eller i par eller gruppe.

**Økonomi og leiing** vil gi nyttig kunnskap og forståing av vesentlege rammefaktorar ifh til å driva eiga verksemd og vidareutvikla og fornya eksisterande tiltak innanfor både privat og offentleg sektor eller organisasjonslivet. Sentrale emne i studiet er bedriftsøkonomi, rekneskapsforståing, økonomisk analyse, investering og finansiering, internasjonal påverknad/globalisering og driftsleiing.

**Hest i næring** set fokus på hesten som ressurs for nyskapande næringsutvikling. Studiet går nærare inn i eit breitt spekter av hesteverksemder og måtar å bruka hesten i næringsutvikling, og vil og gje studentane ei brei forståing av hesten si rolle i norsk bygdeliv og identitet. Arealplanlegging som tek omsyn både til hesten og andre brukarar er og ein viktig del. Talet hestar i Noreg er i vekst. Interessa for hest er og aukande. Dette kurset syner korleis denne veksten kan omsetjast i nye arbeidsplassar i bygdene.

**Landskap og utvikling** ser landskap som ressurs for nyskaping og utvikling, og faget utforskar nye utfordringar og potensial i møtet mellom det rurale produksjonslandskapet og det urbane opplevingslandskapet.

## Vurderingsform

Alle kurs i bachelorgrada har prosjektoppgåve eller mappe-evaluering som eksamensform.

I mappeevalueringa vil studentane få oppgåver til kvar samling, dette gjer at studentane må jobbe med pensumet allereie frå studiestart. Kurs med mappeevaluering som eksamensform har ei munnleg eksamen i siste semester, denne inngår i evalueringsgrunnlaget for endeleg karakter.

Sjølv om vurderingsforma er lik i dei ulike kursa vil form på tilbakemeldingar og arbeid med oppgåver vere tilpassa kursets innhald (sjå studieplan for aktuelt kurs).

## Bacheloroppgåva

Bacheloroppgåva er på 20 stp. og er lagt til siste semester i det tredje studieåret (Nyskaping og utviklingsarbeid). Den skal vera eit sjølvstendig utviklingsrelatert arbeid som synleggjer at studenten har kunnskap om og forståing av verdiskapingsprosessar og kjeder/nettverk frå ide til produkt/tiltak/verksemd. Arbeidet skal og synleggjera at studenten har grunnleggjande

kunnskap om datainnsamling og forskingsmetode. Studenten får utnemnt personleg rettleiar innanfor fagstaben ved HLB.

**Involvering av studentar i forsking og utvikling ved HLB**

HLB er involvert i ei rekkje forskings- og utviklingsoppgåver knytt til nyskaping, entreprenørskap og bygde-/samfunnsutvikling. Høgskulen legg stor vekt på å involvera BA-studentar aktivt i fou-arbeid der dette er mogleg. Slik involvering gjev brei tematisk kunnskap og utvida kjennskap til forskingsmetode.

## Målgruppe - yrkesmuligheiter

Studiet vil vera aktuelt og relevant for alle som er involvert i utviklingsarbeid og nyskaping innanfor næringsliv (t.d. landbruk/opplevings- og reiselivsnæringar), offentleg sektor (t.d. lokal/kommunal og regional utvikling) og organisasjonsliv. Studiet vil ha eit spesielt empirisk fokus på utvikling i småsamfunn og innanfor natur- og kulturbaserte næringar, men utviklingskompetansen som vert tileigna gjennom studiet vil vera relevant innanfor alle næringar der kreativ og nyskapande ressursbruk- og utnytting er sentrale element.

## Organisering

Kvart av dei obligatoriske eller valfrie enkeltstudia som inngår i graden er lagt opp som to bolkar, kvar på 30 studiepoeng. BA-studiet kan såleis takast på deltid med 30 studiepoeng pr. år, eller som heiltidsstudium med 60 studiepoeng pr år. Avhengig av arbeidsinnsats vil såleis heile graden kunna gjennomførast innanfor ein periode på 3 til 6 år.

Undervisninga er organisert i samlingar ein eller to gongar i månaden frå september til juni.

### Vidare studium

Studiet vil gje eit godt utgangspunkt for vidare studiar på masternivå innanfor t.d. entreprenørskap, innovasjon, nærings- og bygdeutvikling.

Me gjer merksame på at bachelorstudentar i Noreg i enkelte tilfelle vil måtta ta ekstraemne ved opptak til vidare studiar ved andre høgskular.